

VEDTEKTER FOR NORDMØRE SPELMANNSLAG

§ 1 MÅL

Nordmøre spelmannslag har som formål å samle interesserte for å dyrke og ta vare på dei nordmørske folkemusikktradisjonane.

§ 2 LAGSVERKSEMD

Laget skal ha fela som det berande instrumentet, men er òg ope for andre instrument som er brukte i folkemusikken på Nordmøre. Laget skal drive opplærings- og rekrutteringsarbeid, arbeide med dokumentasjon av folkemusikktradisjonane her og arbeide for å fremje interessa for dei på Nordmøre.

Ved framføringar der laget sine medlemmer deltek, skal desse representere laget.

§ 3 TILKNYTING

Laget og lagsmedlemmene skal vere medlemmer i Møre og Romsdal folkemusikklag og Landslaget for Spelemenn. Laget er ope for alle som sluttar seg til vedtektene for laget.

§ 4 STYRET

Styret skal vere sammensett av leiar og nestleiar, kasserar, sekretær og styremedlem. Leiaren blir vald av årsmøtet for eitt år, dei andre i styret blir valde for to år, slik at to av dei er på val kvart år. Det skal dessutan veljast to varamedlemmer til styret og to revisorar for eitt år. Når ein vel tillitsfolk, skal ein prøve å få med eit representativt utval av medlemsmengda. Styret har ansvaret for den daglege drifta av laget.

§ 5 ÅRSMØTET

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april, og dato for årsmøtet skal vere gjort kjent for medlemmene i god tid før denne fristen.

Alle sakene som skal avgjerast på årsmøtet, må vere oppførte på saklista. Saklista må gjerast kjent for medlemmene gjennom rundskriv eller kunngjering på laget sine nettsider seinast to veker før møtet blir halde. Framlegg til saker på årsmøtet må vere hos styret minst tre veker før møtet.

Dei som har betalt kontingent til laget siste året, har stemmerett på årsmøtet.

Årsmøtet godkjenner framlegg til årsmelding frå styret og rekneskapen for siste rekneskapsår. Vidare vedtek årsmøtet arbeidsprogram, budsjett og medlemskontingent for det kommande året. Årsmøtet vel styre og sett kvart år ned ei valgnemnd på tre medlemmer, som i god tid før årsmøtet kjem med framlegg til nye tillitsfolk i laget.

§ 6 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Det skal haldast ekstraordinært årsmøte dersom styret finn at særskilde høve gjer det nødvendig, eller dersom minst ein tredjedel av medlemmene krev det.

§ 7 OPPLØYSING

Laget kan berre oppløysast av årsmøtet med minst tre fjerdedels fleirtal, og ikkje dersom minst fem medlemmer går mot det. Dersom laget blir oppløyst, og ikkje innan ti år tek opp att arbeidet på samme grunnlaget som tidlegare, kan Landslaget for Spelemenn avgjera korleis eigedommane til laget skal takast vare på og eventuelt brukast i distriktet til formål laget har arbeidd for.

§ 8 ENDRINGAR

Desse vedtektene kan berre endrast av årsmøtet eller ekstraordinært årsmøte med minst to tredjedels fleirtal.